



Statens vegvesen

Aasmund E Roterud

6873 MARIFJØRA

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/132913-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
29.09.2016

Avkøyrsløysing til eigedom gnr. 5 bnr. 47 – Fløksand – Meland kommune

Vi viser til dine førespurnader den 29.08 og 26.09.2016 med ønske om synfaring og godkjenning av avkøyrsløysing til eigedom gnr. 5 bnr. 47 i Meland kommune.

I brev datert 06.10.2011 ga Statens vegvesen ei førehandstilsegn om avkøyrsløysing til eigedomen med ei rekke vilkår. Vi viser til vilkår nr. 1 i vår førehandstilsegn:

1. Avkøyrsløysing skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå d.d., elles fell tilsegna bort. Kommunen skal ikkje gje byggjeløysing før endeleg godkjent avkøyrsløysing frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4.

Tilsegna har ikkje vorte fornya etter dette, og fall difor bort den 06.10.2014. Statens vegvesen må difor gjere ei ny vurdering av om vi kan gje løysing til avkøyrsløysing for denne eigedomen, og eventuelt kva krav vi vil sette. Basert på ditt ønske om godkjenning vil vi starte handsaming av denne saka. Eventuelle tilleggsopplysningar kan sendast til firmapost-vest@vegvesen.no, med referanse til sak. 16/132913.

Vi har for tida stor saksmengde, og handsamingstida kan verte opp mot 3 månader.

Statens vegvesen Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG